



Bergen kommune
Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700
5020 Bergen
postmottak.planogbygg@bergen.kommune.no

Fana, 25.1.2021

Bergen kommune – gnr 111/83 m.fl. Nytt varsel om utvida plangrense for detaljreguleringsplan i Kokstaddalen i Ytrebygda bydel. ID-65960000 Høringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland

Kortfatta konklusjon:

Vi kan ikkje sjå at dette prosjektet er i tråd med målsettingar og føringar om arealbruk og vern av naturverdiar i dagens KPA.

Generelt

Opus Bergen foreslår på vegne av Posten Eiendom Bergen AS detaljregulering for eit område på Kokstad. Planområdet er på 286 daa furuskog og myr og grensar til næringsområdet i Kokstaddalen og friluftsområdet på Storrinden. Til saman legg det til rette for 82 300 kvadratmeter nytt næringsareal. Hovudformålet er å tilretteleggja for eit nytt logistikkcenter for Posten Bring, samtidig som det blir lagt til rette for utvikling av eit nytt næringsområde (I/L) direkte i tilknytning til eksisterande næringsareal på Kokstad, og etablering av energisentral for BIR/BKK.

Naturmiljø og klima

Den aktuelle utvida plangrensa ligg innanfor nedslagsfeltet for Fleslandsvassdraget, som drenerer til Langavatnet og Bergen Lufthavn, og vidare til Raunefjorden. Det er i øvre delen av eit anadromt vassdrag og utgjer med sine myrområde og bekkesystem ein viktig del av den sjøauførande strekkingen mot fjorden. Planområdet er stort sett samansett av kystfuruskog og myr, og er i flittig bruk både av menneske og dyr. Planområdet blei første gongen vurdert i 2014, då Asplan Viak laga ei førebels konsekvensvurdering av ulike sider ved inngrepet (Tabell 1). Her manglar viktige parametrar, som graden av overvatn og myr. Den økologiske tilstanden og verknadene på klimabudsjetten er heller ikkje vurdert. Heile konsekvensvurderinga verkar nokså tilfeldig og subjektiv.

Men den viktigaste innvendinga mot Asplan si vurdering, er mangelen på konsekvensar for myr, våtmark og dermed for klima. Det er først i nyare tid at vi er blitt klar over kor mykje dette har å seia for lagring av klimagassar. Myr og våtmark slepp ut 4-6 gonger så mykje CO₂ som sjølve skogen, avhengig av kor djup myra er, og mykje av karbonet som er bunde der, blir frigjort i form av metan, som er ein 20 gonger så sterk drivhusgass som CO₂. Når ein så grev opp dette myrområdet, vil store deler av det karbonet som er bunde der, bli frigjort til atmosfæren.

I Asplan sin konsekvensvurdering har dei kartlagt 14 myrer i planområdet, som tilsaman utgjer heile 5% av det totale arealet. Ut frå tidlegare forskning og registreringar veit vi at



karbon tilsvarande 250 000 tonn CO2 kan vera lagra i berre ein kvadratkilometer (= 1000 daa) myr. Det nedbygde arealet på 286 daa vil altså kunna frigjera opp til tilsvarande 3 000 tonn CO2 ved utbygging.

Tabell 1

Tema	Negativ	Ingen	Positiv
Næring			X
Trafikk	X		
Natur og miljø	X		
Landskap	X		
Kulturminner		X	
Estetikk			X
Sosiale møteplassar			X
Servicefunksjonar			X
Sollys og temperatur		X	
Energi		X	
Flaum		X	
Forureining		X	
Masseuttak	X		
Total		X	

Til samanlikning hevdar Posten Eiendom Bergen at klimagevinsten ved samlokaliseringer 161 tonn CO2 årleg. Vi veit ikkje korleis dette er berekna. Er det fossildrevne kjøretøy som er utgangspunktet, vert dette talet alt for høgt, når bilparken om få år vil vera heilt elektrisk. Det går fram av sakspapira og reportasje i lokalavisa Fanaposten 8/1-21 at Posten Norge tek sikte på å oppnå ein viss klimagevinst ved å nytta ut fjernvarmen frå BIR og BKK sine anlegg til å varma opp næringsparken, og i tillegg dyrka algar til fiskefor for oppdrettsnæringa. Men inngrepet kan betygd ei kraftig forverring av klimarekneskapen for Kokstadområdet på grunn av det store utsleppet frå myr som det medfører. På grunn av den viktige rollen som myr og våtmark har i klimarekneskapen, har desse naturtypene fått eit langt sterkare vern i regelverket, og dette må vega tungt i planarbeidet med nye næringsområder. Myr og våtmark er viktige av fleire grunnar, nemleg som

- Lagringsplass for karbon
- Flaumdempar og lagringsplass for vatn
- Vatnreinsing
- Rasteplass for fuglar
- Habitat for mange planter og dyr

Dersom myr, skogsjord og våtmark blir fjerna ved utbygging, misser jorda mykje av evna til å halda på vatn, og flaumfaren aukar, med negative følgjer både for biologisk mangfald og for lokalsamfunnet. Posten Eiendom Bergen si utbygging på Kokstad vil føra til massiv forverring av miljø- og landskapskvalitetane i området, fordi viktige biotopar går tapt og store myrområder og bekkesystem blir drenert ut og fører til tap av karbon og auka flaumfare. Norge har forplikta seg til å føgja EU sitt vatndirektiv gjennom forskrifta Case C-461/13



(Weser-dommen). Dette betyr at det ikkje er tillate å forringa miljøtilstanden i vassdrag, f. eks ved fylling i vatn og vassdrag. Denne gjeld også norsk vatnforvaltning, og utbygginga er altså dermed i strid med dommen Vatndirektivet, som Norge har slutta seg til. Nedbygging av myr og våtmark har pågått i over hundre år her i landet, først ved nydyrking og deretter ved skogsgrøfting og utbygging. Våtmark er dermed blitt ein truga naturtype. Norge har slutta seg til RAMSAR-konvensjonen for vern og bevaring av myrområder, også fordi myr er den naturtypen som lagrar mest karbon.

I tillegg til den negative effekten på klima, er også utbygginga eit massivt inngrep i naturmangfaldet i Ytrebygda. Det er kritikkverdig at det ikkje er stilt noko krav om seriøs konsekvensanalyse for å få kartlagt plante- og dyrelivet som blir skadelidande ved utbygginga. Det er ikkje nok at utbyggjar konsekvensvurderer seg sjølv, slik som i dette tilfellet. Utbygginga er såleis i strid med § 8 og §9 i Naturmangfaldlova som omfattar kravet om kunnskapsbasert forvaltning og bruk av «føre var-prinsippet». Asplan Viak sin rapport har lokalisert 14 ulike myrer i planområdet som mest sannsynleg vil hamna under asfalt. Utbyggingsområdet utgjer også ein del av hensynssoner, som viltområde for hjort. Turgåarar som har gått i området, rapporterer om eit rikt fugleliv, og deler av furuskogen i området kan klassifiserast som boreal regnskog på grunn av den høge nedbøren, med eit uvanleg rikt mangfald av lav og mosar. Dette er også ein truga naturtype. Det er og velkjent at Storrinden-området er kjerneområde for hjort og at det fins faste trekkruiter for hjort gjennom området, desse bør også kartleggjast. Hjortetrekktet kryssar Flyplassvegen ved Liland, der det tidlegare var mange kollisjonsulukker med kryssande hjort.

Friluftsliv og landskap

Området mellom Grimstadvjorden, flyplassen, Ytrebygdsvegen og Flyplassvegen, som kallast Kokstadorområdet, var opphavleg på ca. 1 000 daa, av det utgjorde Forsvaret sitt militærrområde tre fjerdedeler, resten er i dag utbygd til næringsområde. Posten sine planar legg beslag på ein fjerdedel til, dermed er det opphavlege store friluftsområdet med kystfuruskog og myr redusert med 50%, og det som er att, er den delen som ligg nærast flyplassen og mest utsett for flystøy. Storrinden er det høgaste punktet i Kokstadorområdet, 154 m.o.h. men heng saman med Hamarslandsfjellet og Dolvikfjellet lenger nord. Dette høgdedraget var viktig under krigen som støttepunkt for det tyske luftvernartilleriet, og også i dag fins det fleire krigsminner i området, som bør kartleggjast før eventuell utbygging. Storrinden og resten av Kokstadorområdet har stor verdi som turområde, og vil få stadig større verdi etter som fleire og fleire folk slår seg ned i Ytrebygda. Det er ein rik og variert natur med urørt preg og eit rikt dyre- og planteliv, og det går fleire trekkruiter for hjort gjennom området, som vil bli forstyrra ved det aktuelle inngrepet. Det er difor ufatteleg at Asplan Viak i si såkalla konsekvensvurdering kan koma til at utbygginga ikkje har negative konsekvensar for natur og friluftsliv. Av reportasjen i Fanaposten 19/1-21 går det fram at mange som bur i andre deler av Ytrebygda, f.eks. Sandsli-området, bruker Storrinden-området som turområde fordi det ikkje fins tilgjengelege friområde nærare der dei bur. Jostein Myklebust seier til Fanaposten at «*Så vidt jeg vet, finnes det ikke noe tilsvarende sammenhengende turområde andre steder i bydelen (Ytrebygda)*».

Alternativt næringsareal

I intervju i Fanaposten 19/1-21 påstår Edvard Nervik i Posten Eiendom at han «*har forståelse*



for at det kommer reaksjoner mot å bygge ned nye grøntaraler», men at det dessverre «ikke eksisterer næringsareal på Kokstad som har plass til nytt logistiksenter for Postens virksomhet.» Dette er feil. Som det blir påpeika av Jostein Myklebust i same intervju i Fanaposten er mange av industritomtene på Kokstad dårleg utnytta, og manglar parkeringshus, slik at dei fleste som arbeider der, må nytta overflateparkering. Ved å omregulera næringsparken på Kokstad kan ein vinna inn eit tilsvarande areal som det Posten Norge planlegg å byggja ned, utan å øydeleggje verdifull natur. Det fins også tilsvarande areal både på Lønningen og Espehaugen næringsområde, som er regulert til industri i samband med BLÅE-planen, som vil ha plass til Posten Norge sitt nye anlegg, og der konsekvensane for natur og klima vil bli langt mindre. Det er eit tankekors at Posten Norge ønskjer å leggja beslag på eit område på 286 daa, mens det "eigentlege" næringsarealet til eige bruk utgjer «berre» 82 300 kvadratmeter (82.3 daa).

Konklusjon

Etter kvart som områda lenger sør og aust for Kokstad og Storrinden blir utbygd og fortetta med industri og boligområde, vil Kokstad og Storrinden få stadig større verdi som friområde. Det er difor dårleg politikk å byggja det ned, og dårleg klimapolitikk. Naturvernforbundet Hordaland er difor kritisk til den foreslåtte utvidinga av planområdet som Posten Norge planlegg, og meiner den må avvisast. I mellomtida må det gjerast ein uavhengig konsekvensanalyse, som også må omfatta alternative løysingar på Posten Norge sine plassbehov, kartlegging av hjortetrekk og vern av sårbare biotopar. Uansett utfallet av planen må Bergen kommune oppretta ein viltkorridor mellom Liland og Kokstad til Storrinden i samband med planarbeidet.

Vi kan ikkje sjå at dette prosjektet er i tråd med målsettingar og føringar om arealbruk og vern av naturverdiar i dagens KPA.

For Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar